



Mariusz Myszoglad
Nordre Toppe 51
5136 Mjølkeråen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3774 - 23/35627

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
08.05.2023


Melding om registrert bygning unntatt søknadsplikt - gbnr 327/54 Moldekleiv

Kommunen har registrert ferdig oppsatt bygg i matrikkelen etter opplysningar i innsendt melding frå deg. Me har registrert ferdigdato den dagen du sende inn til kommunen.

For å bygge unntatt søknadsplikt skal både BRA (innvendig bruksareal), BYA (bebygd areal), og BTA (bruttoareal med ytteveggar) vera mindre enn 50 m². Du oppgav BRA til 49m². Ut i frå teikningane har me tolka dette som utvendig areal (BTA). Innvendig BRA har me rekna til 46,8. Dersom dette ikkje stemmer, kan du gjerne gje tilbakemelding på dette.

Bygget er plassert ca i kart (takflate) og bygningsopplysningane er registrert i bygningsdelen i matrikkelen.

Bygget vil verte meir nøyaktig innteikna etter neste ny-kartlegging.



Ved denne registreringa av bygg utan søknadsplikt i kart og matrikkel, etter Plan- og bygningslova (PBL) §20-5, er det ikkje vurdert om oppsett bygg/ tilbygg oppfyller vilkåra for fritak frå søknadsplikt. I slike saker er det byggherre sitt ansvar å kontrollere at alle vilkår for å byggja unntatt søknad er til stades.

Registreringa i matrikkelen inneber då heller ikkje noko godkjenning av bygget etter PBL.

Vedlagt er matrikkelrapport som viser kva opplysningar som er registrert om bygget.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

327-54-bygg u søknadsplikt

Mottakarar:

Mariusz Myszoglad

Nordre Toppe 51

5136

Mjølkeråen